



### Føresette 6.trinn

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2462 - 14/10389

Saksbehandlar:

Marianne Villanger Lilletveit

stine.pedersen.sylta@radoy.kommune.no

Dato:

24.09.2014

## Referat frå klasseforeldremøte 16.september 2014

### Skulevurdering

Skulen hadde ekstern vurdering i vår, me fekk mykje positive tilbakemeldingar som gjekk på å sjå og ha omsorg for elevane, vekeplanar med mål osv. Utfordringane til skulen gjekk på at elevane var usikre på kva dei skulle læra, og korleis dei skulle nå måla (kva dei ulike stega innebar). Årsplanar, vekeplanar og vurderingsformer er difor endra dette året.

### Årsplanar

Er nye av året og under utarbeidning, skal innehalda kompetansemål frå kunnskapsløftet, læringsmål og vurderingskriterium til kvart av læringsmåla i faget. Dersom nokon ynskjer å sjå årsplanane kan dei be om å få desse. Desse vert kontinuerleg arbeidd med, og er difor ikkje publisert offentleg i ein endeleg versjon.

### Vekeplan

Inneheldt kva dei ulike timane på skulen inneheldt, lekser til dei ulike dagane, læringsmåla i dei ulike faga og eigenvurdering. Planen skal difor takast vare på og leggjast i den blå mappa saman med veketest kvar veke. Det var spørsmål om korleis foreldra kan sjå kva eleven kryssar på eigenvurderinga. Dersom det er ønskjeleg kan det sendast heim ein kopi av vekeplanen.

Eigenvurderinga vert teke fram på foreldresamtalane haust og vår, og vert samtala om der.

Vekeplanen er heime fram til fredag, og ein kan gjerne sjå over måla saman med elevane gjennom veka, eller til dømes torsdag.

### Veketest

Spørsmål/ oppgåver frå dei ulike faga (famnar om innhaldet frå veka). Glosetest på denne kvar veke. I fjar var glosestesten for seg sjølv, me vurderer om glosetest og veketest bør delast opp dersom resultata tilseier det. Vektesten vert retta felles, slik at elevane sjølv kan sjå korleis dei ligg an i faga før eigenvurderinga. Innhold og form på vektesten vil nok variera i løpet av året.

### Eigenvurdering

Elevane vurderer seg sjølv ut i frå vektesten og etter at me gjennomgår dei ulike kriteria felles. Det er tre «stader» ein kan vera; «I startgropa» - «på veg» og «i mål». Elevane byrjar å få teken på dette

no, men det var veldig overveldande i starten. Dei er ikkje vande med å jobba slik, og det var difor vanskeleg å ikkje overvuderera eller undervurdera seg sjølv. I haust satsar me difor på å gjera dette felles kvar gong.

#### Månadsskjema

Eit system for registrering av gløynte bøker, leksjer, gymtøy osv. vert sendt heim etter ein månad, dersom det er registrert noko. Denne kan sendast på epost dersom det er ønkjeleg og lettare å hugse. Me avtala at alle sender ein epost til Marianne slik at ho har alle adresser. Epostadressa hennar ligg på heimesida, men er; [Marianne.Villanger.Lilletveit@Radoy.kommune.no](mailto:Marianne.Villanger.Lilletveit@Radoy.kommune.no)

#### Lærarar i fag

Klassen er delt torsdag og fredag, og har delte timar i K&H. Andre lærarar på trinnet er Jodis Villanger, Else Fauskanger, Astrid Marie Vikane, Ingrid Bø Marøy, Rut Alice Kongevold og Helge Asgeir Nøttveit. Kontaktlærar har ansvar for alle faga i klassen utanom musikk, symjing og sløyddelen av kunst og handverksfaget.

#### Foreldresamtaleskjema

Informasjon som ikkje vart teke opp på møtet. Det er under utarbeiding eit nytt skjema som vert sendt heim i forkant av foreldresamtalane, og skal fyllast ut av elevar og foreldre. Ta kontakt dersom det er noko de lurer på i høve dette skjemaet når det kjem. Det legg vekt på dei grunnleggjande dugleikane, skriving, lesing og rekning.

#### Sosialt samspel i klassen

Har utarbeida eit sosiogram i samband med mobbeveka og hadde ei økt som nok sette sitt preg på klassen. Me opplever at det kan vera noko «klikking», særskild blant jentene, som ikkje alltid er så lett å sjå eller å setje fingeren på. Dersom nokon hører, ser eller får vita noko som gjeld sitt eige barn eller nokon andre sitt må dei melde i frå.

#### Lekser/Trening/Øving

Litt tilbakemeldingar på at det er mykje leksjer til torsdag/fredag og at det er kamp og trening osv. Me vart einige om å forsøke at elevane planlegg veka si ut i frå vekeplan og aktivitetar på ettermiddag. Dersom nokon ønskjer leksehjelp (måndag og onsdag) kan dei kontakta rektor vedkomande påmelding.

#### Val av klassekontakt

Klassekontakte - vara rykkjer automatisk opp – Nina Uthaug og Karen Toska. Lin Tove Thomassen og Else Marie Nødtvedt meldte seg som vara i år, og rykkjer då opp som klassekontakte i 7. klasse.

#### Leirskule

Det har vore ytra ønskje om å finna alternative stader å reisa på leirskule. Det vart bestemt at klassekontakte skal sjå på alternativ og samtala med foreldra på dei andre skulane om dei kan vera interessert i å koma med eit alternativ til leirskule i Kinsarvik for kull03 når det er deira tur å reise. Kontaktlærar skal leita opp ein katalog med alternativ og levera klassekontakte.

## Klassetur

Det vart avtala å prøve å få til ein klassetur på vårparten slik som tidlegare. Klassekontaktane ser på dette.

Med helsing

Marianne Villanger Lilletveit  
Kontaktlærar 6.trinn

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Mottakarar:**

Føresette 6.trinn